




# Årsmelding 2023

Helse Bergen HF  
Haukeland universitetssjukehus



## Innhald

<b>Om verksemda .....</b>	<b>3</b>
<b>Leiing og styring.....</b>	<b>3</b>
<b>Pasientbehandling .....</b>	<b>6</b>
<b>Kvalitet og pasienttryggleik.....</b>	<b>8</b>
<b>Bemanning og kompetanse.....</b>	<b>11</b>
<b>Forsking og innovasjon .....</b>	<b>13</b>
<b>Utdanning av helsepersonell .....</b>	<b>15</b>
<b>Opplæring av pasientar og pårørande .....</b>	<b>16</b>
<b>Arbeidsmiljø .....</b>	<b>17</b>
<b>Ytre miljø.....</b>	<b>24</b>
<b>Samfunnsansvar i Helse Bergen.....</b>	<b>24</b>
<b>Eksterne systemtilsyn i 2023 .....</b>	<b>25</b>
<b>Brukarmedverknad .....</b>	<b>25</b>
<b>Samhandling med kommunane.....</b>	<b>26</b>
<b>Beredskap .....</b>	<b>28</b>
<b>Internasjonalt arbeid .....</b>	<b>28</b>
<b>Utvikling av infrastruktur .....</b>	<b>29</b>
<b>Selskap Helse Bergen har eigardelar i .....</b>	<b>30</b>
<b>Rekneskapen .....</b>	<b>31</b>

## Om verksemda

Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus (heretter Helse Bergen), org. nr. 983 974 724, er regionsjukehustet på Vestlandet og skal dekke dei behova befolkninga har for lokale, regionale og utvalde nasjonale spesialisthelsetenester. Behova skal dekkast uavhengig av kjønn, alder, etnisitet og religion. I tillegg skal helseføretaket leggje til rette for forsking, utdanning av helsepersonell og opplæring av pasientar og pårørande.

Helse Bergen ligg i Vestland fylke og vart oppretta som helseføretak i desember 2001. Det er 18 kommunar som høyrer til Helse Bergen sitt føretaksområde, med omkring 450 000 innbyggjarar. Hovuddelen av verksemda skjer innanfor Bergen kommune, i tillegg er det einingar i kommunane Voss, Bjørnafjorden, Alver, Øygarden og Askøy.

Helse Vest RHF (regionalt helseføretak med org.nr. 983 658 725) har det overordna ansvaret for spesialisthelsetenesta i Rogaland og Vestland fylke. Det er Helse Vest RHF som eig Helse Bergen.

Hovudoppgåvene til føretaket er definert i *Vedtekter for Helse Bergen HF*, §5. Kva oppgåver som Helse Bergen skal vareta, og omfanget av desse, blir vidare definert av Helse Vest RHF gjennom eit årleg styringsdokument.

## Leiing og styring

### Styret

Styret i Helse Bergen i 2023:

Terje Breivik	Leiar	Kjeld Zacho Jørgensen	Medlem
Signy Midtbø Riisnes	Nestleiar	Marianne Sæhle	Medlem
Hilde Christiansen	Medlem	Inge Skogheim	Medlem
Rolf Martin Tande	Medlem	Karen-Anne Stordalen	Medlem
Per Morten Sandset	Medlem	Tone Wikene Nystad	Medlem
Bente Enehaug-Rebnord	Medlem		

Irene Hopsdal var styremedlem til 1. mars 2023, og vart då erstatta av Inge Skogheim.  
Geir Arne Sunde var styremedlem til 1. mars 2023, og vart då erstatta av Tone Wikene Nystad.

Det har vore nye endringar med verknad frå 5. februar 2024. Signy Midtbø Riisnes, Hilde Christiansen, Bente Enehaug-Rebnord og Kjeld Zacho Jørgensen gjekk då ut av styret. Dei vart erstatta av Ivar Eriksen, Marit Bakke, Trude Husevåg og Ishita Barua. Per Morten Sandset er ny nestleiar.

Det har i 2023 vore fire føretaksmøte og åtte styremøte. Det har vore gjennomført to felles styreseminar med alle styra i Helse Vest.

Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring. Det er Helse Vest RHF si vurdering at det ikkje er nødvendig fordi helseføretak ikkje kan gå konkurs og at slik forsikring derfor ikkje er relevant.

### Brukarepresentantar

Brukarutvalet er representert i styremøta med to deltagar med talerett. I 2023 har det vore Linda Haugland (leiar) og Eli Sjo (nestleiar).

### Organisasjonskart

Helseføretaket er organisert i 28 klinikkar, avdelingar og divisjonar, inkludert Voss sjukehus som er organisert som ei eining på nivå 2.



## Utviklingsplan 2035


Utviklingsplan 2035 viser kva for prioriteringar sjukehuset skal gjere den neste langtidsperioden, og vil vere grunnlag for den jamlege revideringa av drifts- og investeringsbudsjettet. Styret vedtok første versjon av Utviklingsplan 2035 i september 2018.

Styret vart førelagt og vedtok ein justert Utviklingsplan 2035 i styremøtet 18. mars 2022. Utviklingsplan 2035 er det overordna strategiske dokumentet for sjukehuset og i den justerte utgåva er tenkinga frå Strategi 2017-2022 innarbeidd. Dette har vore ei forenkling og føretaket har ikkje lenger to strategidokument å styre etter. Som ein del av arbeidet med den oppdaterte Utviklingsplan 2035 vart det laga ein digital versjon.

Utviklingsplanen legg føringar for planverket i sjukehuset. Dei 11 måla vil bli operasjonalisert gjennom tiltak i:

- Dei ulike delplanane
- Strategiske prosjekt og program
- Nivå 2-einingane sine handlingsplanar

*Figur 1: Oversikt over korleis planverket for Helse Bergen skal henge saman.*



## Pasientbehandling

### Somatisk sektor

Den somatiske aktiviteten går føre seg i 17 ulike klinikkar og avdelingar. Radiologisk avdeling, Laboratorieklinikken og Kirurgisk serviceklinik leverer medisinske støttetenester.

Samla sett var aktiviteten i 2023 høgare enn året før jamfør tabell 1. Veksten var innanfor den polikliniske verksemda, og det er behandla godt over 8 000 fleire unike pasientar enn i 2022.

*Tabell 1: Aktivitet og DRG-poeng for somatisk sektor i perioden 2021-2023*

Sjukehusopphald	2023	% endring 2021 til 2023	2022	2021
Døgnopphald	67 242	0,8 %	67 280	66 679
Dagopphald	25 506	0,9 %	25 437	25 286
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar**	644 230	8,7 %	608 195	592 777
Liggedøgn døgnbehandling	260 077	-0,1 %	265 930	260 258
DRG-poeng iht. eigaransvar*	157 806	5,2 %	152 572	150 019

\* Eigaransvar: Totalt antall DRG-poeng er ekskl. utanlandske pasientar

### Tverrfagleg spesialisert behandling for ruslidinger (TSB)

Avdeling for rusmedisin (AFR) har koordineringsansvaret for TSB i opptaksområdet for Helse Bergen, og vurderer alle tilvisingar til TSB for å sikre gode forløp for pasientane og optimal utnytting av samla behandlingskapasitet. I tillegg til eigne behandlingstilbod, brukar AFR offentlege og private behandlingsplassar i og utanfor Helse Vest.

AFR har samla sett hatt ein aktivitet i år som er om lag på same nivå som i 2022 jamfør tabell 2. Det er likevel behandla kring 200 fleire unike pasientar enn året før.

*Tabell 2: Aktivitet og DRG-poeng for TSB i perioden 2021-2023*

Sjukehusopphald	2023	% endring 2021 til 2023	2022	2021
Døgnopphald	1 053	6,5 %	1 002	989
Dagopphald	21	320,0 %	13	5
ISF-berettiga polikliniske konsultasjonar	58 295	-3,8 %	58 481	60 587
Liggedøgn døgnbehandling	34 207	-7,8 %	35 410	37 089
DRG-poeng iht. eigaransvar*	9 134	-15,2 %	8 681	10 773

\* Eigaransvar: Totalt antall DRG-poeng er ekskl. utanlandske pasientar

## Psykisk helsevern

Divisjon for psykisk helsevern har tenestetilbod til både vaksne og barn og unge, og samarbeider tett med dei private ideelle aktørane i opptaksområdet til Helse Bergen.

Barn og unge med psykiske lidingar får tenester frå Klinikk psykisk helsevern for barn og unge (PBU), som har sju desentraliserte barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar. PBU leverer i tillegg ambulante tenester, døgntilbod, spesialpoliklinikk og konsultasjonsteam, som held til i det nye Barne- og ungdomssjukehuset på Haukeland.

Den samla aktiviteten i PBU har vore lågare i år enn i 2022 jamfør tabell 3, og nedgangen er innan den polikliniske verksemda. Det er likevel behandla om lag 300 fleire unike pasientar.

*Tabell 3: Aktivitet og DRG-poeng for PBU i perioden 2021-2023*

Sjukehusopphald	2023	% endring 2021 til 2023	2022	2021
Døgnopphald	468	10,4 %	434	424
Dagopphald	129	16,2 %	318	111
ISF-berettiga polikliniske konsultasjoner	66 438	-3,5 %	73 602	68 868
Liggedøgn døgnbehandling	6 830	33,2 %	6 469	5 127
DRG-poeng iht. eigaransvar*	22 343	-5,4 %	20 894	23 606

\* Eigaransvar: Totalt antall DRG-poeng er ekskl. utanlandske pasientar

Vaksne med psykiske lidingar får tenester frå Bjørgvin distriktspsykiatriske senter (DPS), Kronstad DPS og Øyane DPS. Desse einingane har ansvaret for akuttilbod, ambulante tenester, poliklinikk og døgntilbod i kvar sitt geografiske opptaksområde. I tillegg har divisjonen sentraliserte sjukehustenester som er organisert i Psykiatrisk klinikk med døgnplassar i Sandviken og på Haukeland. Klinikk for sikkerheitspsykiatri har døgntilbod i Sandviken og eit poliklinisk tilbod i Bergen fengsel.

I Psykisk helsevern for vaksne har den samla aktiviteten vore noko lågare i år enn i 2022 jamfør tabell 4. Det er likevel behandla om lag 100 fleire unike pasientar.

*Tabell 4: Aktivitet og DRG-poeng for psykisk helsevern i perioden 2021-2023.*

Sjukehusopphald	2023	% endring 2021 til 2023	2022	2021
Døgnopphald	2 784	-2,1 %	2 832	2 844
Dagopphald	300	-1,6 %	332	305
ISF-berettiga polikliniske konsultasjoner	96 691	-1,9 %	99 811	98 598
Liggedøgn døgnbehandling	67 228	4,5 %	71 554	64 348
DRG-poeng iht. eigaransvar*	19 467	13,2 %	20 184	17 198

\* Eigaransvar: Totalt antall DRG-poeng er ekskl. utanlandske pasientar

## Kvalitet og pasienttryggleik

Systematisk arbeid med kvalitet og pasienttryggleik har vore høgt på agendaen også i 2023. For å lukkast, må ein både setje i verk tydelege rutinar på område med kjent risiko og ein må utvikle tryggleikskultur på alle nivå i organisasjonen. Arbeidet med kvalitet og pasienttryggleik er derfor tydeleggjort i alle leiarmøte.


Det sentrale kvalitets- og pasienttryggleiksutvalet (KPU) har hatt fem møte i 2023, der ein i særleg grad har delt erfaringar for å understøtte læring og forbetring på tvers av einingane i sjukehuset og legemiddel tryggleik. I tillegg til Føretaksleiinga deltek hovudverneombod, tillitsvalde og to brukar-representantar i utvalet. Dei fleste nivå 2-einingane har etablert faste møte i dei lokale kvalitets- og pasienttryggleiksutvala.

### Pasienttryggleiksvistarr

Administrerande direktør har hatt 20 pasienttryggleiksvistarr i 2023 i 16 ulike nivå 2 einingar. Der deltek han i samtalar med helsepersonell i einingane om korleis dei jobbar i praksis, risiko i eininga, forbetningsprosjekt som er gjort og kva som kan gjerast for å styrke pasienttryggleiken vidare. Alle einingane følgjer opp visittane med læringsnotat og dei fleste følgjer opp med handlingsplanar og forbetningsarbeid i etterkant.

### GTT

Strukturert journalundersøking ved hjelp av Global Trigger Tool (GTT) er ein metode for å identifisere og måle førekomst av pasientskadar i helsetenesta, med mål om å følgje eiga forbetring over tid. Nasjonal handlingsplan for pasienttryggleik og kvalitetsforbetring 2019-2023 skisserte at del av sjukehusopphold med pasientskadar skulle reduserast med 25 % frå 2017 til 2023. GTT-tala for dei to første tertiala av 2023 er registrert og levert Helsedirektoratet. Del av opphold med minst ein pasientskade var 15,6 % for første tertial og 6,3 % for andre tertial i 2023 (figur 2).



Figur 2: Del av opphold med skade målt med Global Trigger Tool (GTT)

### Uønskte hendingar

Helse Bergen nyttar IKT-verktøyet Synergi for å melde og dokumentere handtering av uønskte hendingar. Tal melde uønskte hendingar har vore relativt lik dei siste tre åra.

I 2023 er det sendt 58 varsel etter spesialisthelsetenestelova § 3-3a, om uønskt hending med monaleg skade eller dødsfall til Helsetilsynet og Statens undersøkelseskommisjon for helse- og omsorgstjenesten (Ukom). Det er ti saker meir enn i 2022.

Helse Bergen gjer eit kontinuerleg arbeid med å styrke læring frå uønskte alvorlege hendingar og har nyttat internrevisjonsrapporten frå Helse Vest i sitt forbettingsarbeid. Status for handlingsplanen knytt til oppfølginga av internrevisjonsrapporten blir følgt opp av leiinga.

Saker meldt på tvers i Helse Bergen og mellom føretaka i Helse Vest blir gjort kjent i fagråd og i kvalitets- og pasienttryggleiksutval.

### Riskostyring og interne systemrevisjonar

Helse Bergen deltek i regionalt nettverk for risikostyring i Helse Vest, og bidreg aktivt for å skape ein felles tilnærming både til terminologi og til metodar innan risikostyring. Helse Bergen har i 2023 blant anna bidratt med forslag til utforming av felles risikomatrise og forslag til nye topp fem risikoområde i Helse Vest (Styresak 109-23). Vidare har det vore arbeidd med utvikling av eit IKT-støtteverktøy for risikostyring i regionen.

Ei lokal arbeids-gruppe bidrar med å inkorporere regionale føringar og verktøy i det lokale arbeidet med risikostyring. I 2023 har det vore arbeidd med implementering av verktøya for risikovurdering som vart utvikla i 2022 for områda: Vald og truslar, Legemiddelhandtering og Informasjonssikkerheit. Forbetringsmåla for risikostyring i Helse Bergen er presenterte i Leiinga sin gjennomgang for 2023 (Styresak 24-04).


Interne revisjonar er eit viktig verktøy i arbeidet med å forstå, førebyggje og følgje opp risikoområde i sjukehuset. I 2023 vart styrande dokument om interne systemrevisjonar på nivå-1 omorganiserte og presiserte. Det har vore gjennomført revisjonar på sju ulike tema, sjå figur. To tema (organisatorisk arbeidsmiljø og utlokalisering av pasientar) er flytta til eit seinare tidspunkt på revisjonsplanen. Revisjonsfunna blir sakshandsama i Synergi.



### Antibiotikabruk

Sjukehusa skal halde forbruket av breispektra antibiotika på same nivå, eller lågare, enn i 2019. Dette målet skal nåast gjennom å vidareføre antibiotikastyringsprogram med leiingsforankring, overvaking og rapportering om antibiotikabruk og -resistens, samt antibiotika-team med mandat til forbettingsarbeid. Helse Bergen har eit aktivt antibiotikastyringsprogram der rapportar for bruk av breispektra antibiotika jamleg blir presentert på leiarmøte. Dei kliniske einingane får og rapportar over antibiotikabruken kvart tertial. Sjukehuset har eit sentralt tverrfagleg antibiotikateam som mellom anna held workshops for team i dei kliniske einingane. Den største nyvinninga siste året er etablering av avgjerdssstøtte for ordinasjon av antibiotika i den elektroniske kurva, MEONA.


Ved utgangen av 2023 var forbruket av breispektra antibiotika i Helse Bergen 2,7 % lågere enn i 2019 (figur 3).



Figur 3. Forbruk av breispektra antibiotika 2016-2023 i Helse Bergen

## Bemanning og kompetanse

Mangel på personell vil bli ei stor utfordring framover. Difor er det avgjerande at vi klarar å behalde, utvikle og rekruttere medarbeidrarar med riktig kompetanse og at vi brukar dei totale ressursane godt. Dei siste fire åra er det ein auke på om lag 800 medarbeidrarar i sjukehuset (figur 4) fordelt på mange yrkesgrupper.




Figur 4. Utvikling i tal tilsette og brutto månadsverk for åra 2020-2023.

Føretaket har god tilgang på søkerar innanfor dei fleste yrkesgruppene. Framskrivingar ved bruk av Nasjonal bemanningsmodell viser likevel at sjukehuset vil mangle tilgang på utvalde helsepersonellgrupper dei komande åra, særleg sjukepleiarar. Føretaket vil derfor ha særleg merksemd på denne utviklinga i tida framover.

Eit sentralt tiltak er å lyse ut og tilsette medarbeidrarar i heile og faste stillingar.

Gjennomsnittleg juridisk stillingsstorleik i helseføretaket har dei siste åra auka til om lag 90 prosent.



Figur 5. Utvikling netto månadsverk fordelt på yrkesgrupper 2010, 2017 og 2023.

Helse Bergen har over år hatt ein nedgang i talet på helsefagarbeidrarar (inkludert hjelpe- og barnepleiarar) samtidig som delen sjukepleiarar (inkludert spesialsjukepleiarar) og alle andre faggrupper har auka (sjå figur 8). Sjukehuset har behov for kompetansen til helsefagarbeidarane. På grunnlag av dette vedtok sjukehuset å auke talet på helsefagarbeidrarar i forhold til sjukepleiarar frå 8 til 16 % i perioden 2020-2025. Det er sett i gang fleire tiltak for å nå målet, mellom anna trainee-program og kompetanseprogram for helsefagarbeidrarar. Figur 8 syner at vi har greidd å stoppe nedgangen, men endå ikkje fått ein auke i talet.

## Forsking og innovasjon

Forsking og innovasjon er ein viktig premiss å kunne vidareutvikle helsetenestene og for å kunne ta i bruk nye behandlingsmetodar, ny teknologi mv. Den overordna målsettinga for forskings- og innovasjonsaktiviteten ved regionsjukehuset er å betre kvaliteten og styrke helsetenestetilbodet til pasientane våre.

*Delplan forsking og innovasjon 2023–2026* vart vedteke og satt i verk i 2023. Føremålet med delplanen er å fremme klinisk retta forsking for slik å bidra til å gi pasientane ei mest mogleg trygg, god og framifrå helseteneste. Dette i tråd med regjeringa sin *Handlingsplan for kliniske studiar*. Kliniske studiar inkluderer utvikling og evaluering av ny diagnostikk, utprøving av nye legemidlar, medisinsk-teknisk utstyr, kunstig intelligens og nye behandlingsformer. Også epidemiologisk-, helseteneste- og pasienttryggleiksforskning er viktige område for forskingsverksemda ved sjukehuset.

*Tabell 5: Nøkkeltal (i millionar kroner) for forskingsresultat og ressursbruk for åra 2021-2023.*

År	2023	2022	2021
<b>Øyremerkte tilskot frå eigar til forsking</b>	164	155	145
<b>Eksterne midlar til forsking</b>	172	156	120
<b>Basisramme til forsking</b>	374	353	363
<b>Sum kostnader til forsking</b>	710	663	630
<b>Talet på fullførte doktorgradar</b>	53*	63	44
<b>Talet på publiserte artiklar</b>	927*	853	927
<b>Talet på årsverk knytt til forsking</b>	397	381	390
<b>Forskningsdel av totalkostnad</b>	4,50 %	4,47 %	4,57 %

\*Prognose, endelige tal er først klare etter 1. april.

Målet for sjukehuset har vore at 5 prosent av totalbudsjettet skulle gå til forsking. I 2023 vart 710 millionar kroner, det vil seie 4,5 prosent av det totale budsjettet på 14,2 milliardar kroner brukt til forsking.

Forskinga ved sjukehuset blir i aukande grad finansiert av eksterne kjelder, sjå figur 9. Målet er 20 prosent for eksternfinansiert forsking og i 2022 vart dette målet nådd. Talet for 2023 er ikkje klart. Hovuddelen av forskingsmidlane kjem frå konkurranseutsette midlar frå Norges forskningsråd, 705 millionar kroner, som går til eit breitt spekter av medisinsk og helsefagleg forsking. I perioden 2018-2022 har det vært ein auke i forskingsmidlar. KLINBEFORSK programmet i spesialisthelsetenesta, som blei starta i 2017 støttar nasjonalt samarbeid kor pasientar frå fleire eller alle helseregionar blir rekruttert i kliniske behandlingsstudiar, og sikrar like rettar og tilstrekkeleg statistisk muskel for å kunne konkludere frå studiane som

vert gjennomført. I perioden 2018-2022 har Haukeland universitetssjukehus fått 198 millionar kroner frå KLINBEFORSK.

Haukeland universitetssjukehus arbeider for å auke talet på EU-prosjekt, men og å formalisere sjukehuset si rolle i nokre av dei pågåande samarbeidsprosjekta kor sjukehuset ikkje har vore ein formell partnar.

Universitetet i Bergen og Haukeland universitetssjukehus har over fleire år samarbeidd om større forskingsinitiativ og sentra, og ein samarbeidsavtale regulerer lokaliseringa av desse sentra. Mange av sentra er lokalisert på UiB sjølv om forskinga ofte blir utført av felles forskingsgrupper frå dei to institusjonane.

Haukeland universitetssjukehus har prosjektleiinga for NorCRIN, eit nasjonalt forskingsstøttenettverk for kliniske studiar mellom dei seks universitetssjukehusa i Noreg. Føremålet er å auke tala og kvaliteten på nasjonale og internasjonale kliniske studiar. Ved å leie NorCRIN har regionsjukehuset gjennom 2023 fått ei unik moglegheit til å utvikle gode nasjonale rammer for kliniske studiar i samarbeid med dei andre universjukehusa. Ein viktig del av denne satstinga er å auke talet på kliniske behandlingsstudiar i samarbeid med legemiddelindustrien og utstyrleverandørar av medisinsk-teknisk utstyr. Dette feltet er i stadig utvikling, og i 2023 hadde regionsjukehuset 128 aktive, kliniske oppdrags-forskingstudiar. Ytterlegare vart det inngått 18 nye kontraktar med legemiddelindustrien i løpet av året.

Innovasjonar som utviklar og byggjar opp framtidas helsetenestene er viktige for sjukehuset. Døme på dette er satsingane på digitale helsetenester og avansert heimesjukehus. Gode system for innovasjon bidreg til å korte ned avstanden frå kunnskap til tenester og produkt som kan nyttast i helsetenestene. Haukeland universitetssjukehus har ambisjon om å få fram fleire forbetnings- og innovasjonsprosjekt framover, og har etablert godt samarbeid med andre gjennom klynger og Eitri for å bygge kultur for forbetring og innovasjon. Vi vil fortsetje å nytte tenester frå VIS.

Kvalitetsregister representerer ein viktig infrastruktur for klinisk og epidemiologisk forsking, i tillegg til kvalitetsforbetring og innovasjon. I alt 18 nasjonale kvalitetsregister er forankra i sjukehuset, i tillegg til fleire regionale og lokale register. I 2023 har vi hatt auka fokus på bruk av helsedata frå registera i forsking, i tråd med *Delplan forsking og innovasjon 2023-2026*.

Norwait-studien er ein norsk forskarinitiert klinisk multi-senterstudie der ein ville undersøke om «watchful waiting» kunne vere eit trygt alternativ til rutinemessig kirurgisk behandling for utvalde pasientar med endetarmskreft. I oktober 2021 vart sjukehusleiinga kjent med manglande etterfølging av krav knytt til forskinga som gjaldt pasientar rekruttert til studien ved Haukeland universitetssjukehus. Norwait-saka er ei særskilt alvorleg sak for pasientar, pårørande, forskrarar, klinikarar og leiarar i Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus. Vi beklagar djupt overfor dei involverte, og har arbeidd på systemnivå for å førebyggje at

liknande hendingar skjer igjen. Det skal vere trygt å delta i og drive med klinisk forsking i sjukehuset. Som ledd i oppfølginga har sjukehuset vidareutvikla styringssystemet for klinisk forsking, mellom anna ved å forbetre rutinar og styrke tekniske leiarforankring og internkontrollen med forskingsverksemda. I 2023 har vi intensivert arbeid med interne systemrevisjonar på forsking, og delt læring og erfaringar på tvers i sjukehuset, med andre sjukehus og med andre forskingsinstitusjonar.

## **Utdanning av helsepersonell**

For å sikre tilstrekkeleg pleiefagleg kapasitet og kompetanse har sjukehuset ein strategi og handlingsplan (2020-2025) for å auke talet på helsefagarbeidarar i verksemda. I 2023 hadde vi 39 helsefaglærlingar, i tillegg har vi hatt 28 helsefaglærlingar i samarbeid med kommunane. Per september var det også 39 lærlingar i andre lærefag, dei fleste innan ambulanse- og portørfaget.

35 sjukepleiarar har gjennomført OK-programmet (overvakingskompetanse) i 2023. For 2024 vil vi auke frå 16 til 20 deltakarar per kull for å dekke behovet frå dei kliniske einingane.

Sjukehuset har vedteke ein handlingsplan (2020-2025) for å rekruttere og behalde intensivsjukepleiarar på kort og lang sikt. I 2023 vart det arrangert fire felles etterutdanningsdagar for intensivsjukepleiarar.

Omlag 2300 unike studentar og lærlingar har årleg praksis i sjukehuset innan ulike fagområde og nivå. Praksis er ein god måte å lære på, og heilt naudsynt for å sikre arbeidslivsrelevans og rekruttering av nye medarbeidarar. Mange av desse studentane har fleire rettleia praksisperiodar.

For å sikre nødvendig og kritisk kompetanse gir sjukehuset stipend og utdanningsstillingar innan mange fagområde; jordmor, ABIO (anestesi-, barne-, intensiv- og operasjonssjukepleie), kreftsjukepleie, psykisk helse- og rus-arbeid, nyfødtsjukpleie, akuttmedisinsk sjukepleie, stråleterapi, samt sterilforsyning og smittevern. For studiestart hausten 2023 vart det gitt totalt 116 nye utdanningsstillingar, noko som er betydeleg høgare enn året før. Som del av satsinga på geriatri vart det gitt stipend til 10 sjukepleiarar frå ulike avdelingar som tok del i akuttgeriatri ved VID vitenskapelige høgskole.

Nasjonale kurs i spesialistutdanninga for legar blir arrangert av dei fire regionale utdanningssentra (RegUt). RegUt HV arbeidde med nasjonalt spesialitetskontaktarbeid i kirurgiske spesialitetar spesielt med tanke på behov for endring i læringsmåla i spesialitetane. RegUt HV prioriterer elles arbeid regionalt knytt til kvalitetsforbetring av spesialistutdanninga med informasjon, tilrettelegging og samarbeid med aktørane i utdanninga.


RegUt HV har fram til februar 2025 rolla som nasjonal koordinator for dei fire regionale utdanningssentra.

*Tabell 6: Talet på stillingar for LIS i sjukehuset i 2023*

Legar i spesialisering LIS 2/3	516
LIS 1	63

## Opplæring av pasientar og pårørande

Det meste av opplæringa av pasientar og pårørande i sjukehuset skjer ved dei ulike kliniske einingane. Lærings- og meistringssenteret i Bergen (LMS-Bergen) er eit samarbeid mellom Haukeland universitetssjukehus og Haraldsplass Diakonale sjukehus AS. Alle opplæringstilbod ved LMS-Bergen er gruppebaserte og er retta mot pasientar og deira pårørande. I 2023 vart det gjennomført til saman 162 gruppebaserte kurs for pasientar og pårørande. Av desse vart tre kurs gjennomført digitalt.



*Figur 6. Tal kurs gjennomført på Lærings- og meistringssenteret, 2021-2023.*

LMS-Bergen tilbyr og kurs og rettleiing for fagpersonar og brukarrepresentantar. I 2023 vart det gjennomført kurs i helsepedagogikk og «3 veier til god kursleiing». I samarbeid med Seksjon for samhandling arrangerte LMS-Bergen ei samling for brukarmedverkarar i Helse Bergen. LMS sin podcast «Klokt om livet» har gitt ut fem episodar i 2023 og det er til saman over 20 000 nedlastingar.

LMS-Bergen har og eit tett samarbeid med brukarutvala ved sjukehusa og ulike brukarorganisasjonar.

## Arbeidsmiljø

### Årleg kartlegging


Helse Bergen gjennomfører årleg den nasjonale kartlegginga ForBetringsundersøkinga. Gjennom å svare på undersøkinga kartlegg alle einingane arbeidsmiljø, helse, miljø og sikkerheit (HMS) og pasienttryggleikskultur. I 2023 svarte 74 % av medarbeidarane i Helse Bergen på undersøkinga. Kartleggingsresultat frå undersøkinga dannar saman med andre informasjonskjelder, utgangspunkt for utarbeiding av handlingsplanar med målretta forbetingstiltak. Det blir utarbeidd planar på alle organisatoriske nivå i føretaket. Handlingsplanane blir utarbeidd i samarbeid mellom leiarar, verneombod, tillitsvalde og medarbeidarar. Helse Bergen bruker Synergi aktivt for å utarbeide handlingsplanar og følgje status og framdrift på identifiserte forbetingstiltak.

### HMS-opplæring

Helse Bergen har i 2023 arrangert fire grunnkurs i helse, miljø og sikkerheit for verneombod og medlemmer av arbeidsmiljøutvala. I tillegg er det gjennomført to kurs innan HMS for leiarar (leiarrolla, HMS og kvalitetsforbetring). Det er også gjennomført seks praktiske kurs for forflyttingsretteleiarar og kurs i forflytting for sommarvikarar og nytilsette. For nye kollegastøtter har det vore to kurs. Det er også gjennomført internopplæring innan andre HMS-tema som systematisk HMS-arbeid, psykososialt arbeidsmiljø og uønskte hendingar. E-læringskurset "Forebygging av emosjonell overbelastning - selvhjelp til hjelgere" er tatt i bruk.

### Uønskte hendingar innan HMS


Uønskte hendingar (avvik, til dømes hendingar med skade på arbeidstakrar og nestenuhell), blir melde og følgde opp i det elektroniske avvikssystemet Synergi. Rapportar over uønskte hendingar blir behandla i dei lokale arbeidsmiljøutvala (AMU) og i føretaket sitt arbeidsmiljøutval (FAMU). I 2023 vart det meldt 4 630 uønskte hendingar innan HMS (figur 7).



Totalt tal melde uønskte hendingar knytt til HMS	
2021	4 726
2022	4 750
2023	4 630

Figur 7: Tal meldingar om uønskte hendingar innan HMS 2021-2023.


Den største delen av meldte HMS-hendingar er innan vald og truslar om vald (Figur 8), med 1 217 meldingar i 2023.



Tal meldte uønskete hendingar knytt til vald og truslar	
2021	1 547
2022	1 377
2023	1 217

Figur 8: Tal meldte HMS-hendingar innan vald og truslar om vald 2021-2023.

Om lag 5,2 % av medarbeidarane i Helse Bergen meldte uønskete HMS-hendingar i 2023 (figur 9).



Figur 9: Tal unike meldarar og % meldetilbøyelighet 2021-2023.


## Sjukefråværs- og nærværarbeid

Det totale sjukefråværet (tabell 7) i føretaket har hatt ein markant oppgang etter pandemien i mars 2020.

Tabell 7: Utvikling i totalt sjukefråvær for åra 2017-2023


År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Sjukefråvær i %	7,4	7,5	8,0	8,5	9,2	9,1

Det totale sjukefråværet for Helse Bergen i 2023 er 9,1 prosent. Sjukefråværet i føretaket følgjer sesongvariasjonar med høgaste sjukefråvær om vinteren og eit lågare sjukefråvær i sommarmånadane (figur 10).



Figur 10: Sjukefravær fordelt per måned i 2023.

Ser ein på kort- og langtidsfråværet for 2023 (figur 11), utgjer korttidsfråværet 3,0 % og langtidsfråværet 6,1 % i snitt per måned. I 2022 tel korttidssjukefråværet 3,7 % og langtidssjukefråværet 5,6 prosent.



Figur 11: Utvikling i kort- og langtidssjukefravær for åra 2020-2023.


Helse Bergen har eit innarbeidd system for oppfølging av medarbeidarar som er sjukemelde, eller som står i fare for å bli sjukemelde. Helseføretaket legg særleg vekt på tilrettelegging for gravide medarbeidarar som står i fare for å bli sjukemelde. Helse Bergen har eiga Bedriftsjordmor som deltek i dialog mellom den gravide og leiaren. IA-verktøya (Inkluderende arbeidsliv) "Der skoen trykker" og "Tidlig og tett på" er teke i bruk i utvalde einingar med høgt sjukefråvær.

I tillegg til dette har føretaket i 2022 vedtatt å ta i bruk metodikk for nærværsarbeid. I metodikken skal dei månadlege dialogmøta med leiar, tillitsvalte og verneombod minimum kvartalsvis tematisere nærvær, slik at dialog om sjukefråvær skjer kontinuerleg og systematisk som ein integrert del av drifta.

## Etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid

Einingane i føretaket rapporterer jamleg på tiltak knytt til etterleving av lov- og avtaleverk om arbeidstid, og dette blir følgt opp i arbeidsmiljøutval og i føretaket sitt arbeidsmiljøutval (figur 12). Dei vanlegaste årsakene til brot på reglar for arbeidstid er:

- Akutt sjukdom
- Akutt mangel på naudsynt kompetanse
- Akutt endring i aktivitet
- Byte av vakter på helg



Figur 12: Talet på brot på reglar for arbeidstid, og korleis desse fordeler seg per netto månadsverk – per måned for åra 2020-2023.

## Overvaking av systematisk HMS-arbeid

Systematisk HMS-arbeid skal utførast på alle plan i verksemda. Det skal i tillegg gjennomførast systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikre at det systematiske HMS-arbeidet blir utøvd og fungerer etter hensikta. Verktøya som blir nytta for å overvake dette, er skissert under.

- Årsrapport for HMS 2022 (etterskotsvis rapportering)

Alle nivå 2-einingar utarbeider ein årleg HMS-årsrapport, som viser status på ulike HMS-aktivitetar i einingane. HMS-årsrapporten byggjer på rapportering på seksjonsnivå (nivå 3), og nivå 2-einingane sin rapport blir handsama i lokale arbeidsmiljøutval (AMU). Nivå 2-einingane er sjølve ansvarlege for å følge opp identifiserte avvik ved å setje i verk forbetingstiltak. Føretakets arbeidsmiljøutval (FAMU) behandler årleg ein oppsummerande rapport om det systematiske HMS-arbeidet for alle nivå 2-einingar i føretaket. Med utgangspunkt i Arbeidsmiljømodellen ser vi at lovkrav om eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø i Helse Bergen i stor grad er oppfylt, men det er forbettingspunkt både i det systematiske arbeidsmiljøarbeidet og i arbeidsvilkår.

- Interne systemrevisionar

Helse Bergen gjennomfører interne systemrevisionar der ein etterser om einingane utøver systematisk HMS-arbeid som beskrive i regelverk, eller omsett i handbøker eller prosedyrar. I 2023 vart det gjennomført ein intern systemrevisjon med tema innan HMS/ergonomi med særleg merksemd på forflytting. Helse Bergen har ein felles revisjonsplan med ulike revisjonstema, der tema både innan HMS og ytre miljø inngår. Det er Føretaksleiinga som vedtek den samordna revisjonsplanen.

## Fremme likestilling og hindre diskriminering

Helse Bergen arbeider aktivt for å auke inkludering, fremje likestilling og hindre diskriminering etter gjeldande lov- og avtaleverk, og i samsvar med dei mål og forventningar eigar har til helseføretaket som ansvarleg verksemrd. Arbeid for likestilling og mot diskriminering inngår i strategisk arbeid, dagleg drift, utviklingsarbeid, i løns- og personalpolitikken, og er tema i føretaket sine retningslinjer for rekruttering, likeløn, tilrettelegging og livsfase- og seniorpolitikk.

Etter lovendring i likestillings- og diskrimineringslova gjeldande frå 1. januar 2020, har Helse Bergen ei forsterka plikt til aktivitet og utgreiing om føretaket sitt arbeid med likestilling og hindre diskriminering, i tillegg til arbeid for å førebygge trakkassering, seksuell trakkassering og kjønnsbasert vald.

Saman med tillitsvalde og vernetenesta utarbeidar føretaket ei årleg likestillingutgreiing etter mal frå 4-stegsmodellen til Bufdir. Utgreiinga viser statistikk over kjønnslikestilling innan områda løn, uønskt deltid og permisjonar. Vidare inneheld utgreiinga oversikt over

føretaket sitt arbeid for likestilling og mot diskriminering, med tiltak innanfor for dei ulike områda. Føretaket sitt inkluderingsarbeid er tatt inn i arbeidet til den partssamansette gruppa som arbeider med å fremje likestilling og hindre diskriminering. Handlingsplan for Likestilling, inkludering og mangfald (LIM), som vart utforma i 2022, legg rammer for korleis føretaket skal arbeide med dei ulike områda.

Likestillingsutgreiinga for 2023 blir lagt ligg offentleg tilgjengeleg på sjukehuset si nettside når den er godkjent av styret.

## Ytre miljø

Helse Bergen er miljøsertifisert og arbeider etter miljøstandarden ISO 14001:2015. Miljøstyringssystemet skal sikre at miljøomsyn kjem inn i dei daglege rutinane og på denne måten minimerer miljøpåverknaden frå sjukehusdrifta.

Ein viktig del av miljøstyringssystemet er å identifisere dei sidene av sjukehusdrifta som i vesentleg grad påverkar naturen. Denne kartlegginga gir, saman med klimagassrekneskapen for sjukehuset, grunnlaget for utforminga av miljøpolitikken, miljømåla og handlingsplanane for føretaket.

Helse Bergen har klimarekneskap knytt til den årlege samfunnsansvarsrapporten for spesialisthelsetenesta. Rekneskapen omhandlar direkte utslepp frå olje- og gassforbruk, transport, og indirekte utslepp frå energiforbruket. I tillegg utarbeider sjukehuset kvart anna år eit utvida klimarekneskap som også inkluderer indirekte utslepp frå innkjøp av varer og tenester. Dette gjer at sjukehuset har ein heilskapleg oversikt over klimagassutsleppa frå sjukehusdrifta. Målet er å bruke klimarekneskapet enno meir aktivt i styring og avgjersler ved sjukehuset.

Spesialisthelsetenesta har felles rammeverk for miljø og berekraft. Rammeverket skal bidra til å strukturere og samordne arbeidet med miljø- og berekraft i helseføretaka, og inneheld mellom anna felles miljø- og klimamål for Spesialisthelsetenesta 2022-2030.

Hovudmål: Redusere CO<sub>2</sub>-utslepp med 40 % innan 2030

Langsiktig mål: Ha ei klimanøytral verksemd innan 2045

## Samfunnsansvar i Helse Bergen

*Åpenhetsloven*, som trådde i kraft 1. juli 2022, skal fremje verksemders respekt for grunnleggjande menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold. Helse Bergen HF er omfatta av *åpenhetsloven* og har eit pågående arbeid med å implementere krava i loven.

Helse Vest RHF har etablert eit regionalt nettverk for implementering av *åpenhetsloven*, Helse Bergen HF er representert i nettverket. Sykehusinnkjøp HF og Sykehusbygg HF er deltagarar i nettverket for å ivareta behovet for samhandling i arbeidet med aktsemdvurderingar.

Staten stiller elles, mellom anna gjennom Eierskapsmeldingen St.6 (2022-2023), krav og forventingar til at statleg eigde verksemder er leiande i arbeidet med samfunnsansvar. For spesialisthelsetenesta handlar samfunnsansvaret om korleis vi løyser vårt samfunnsoppdrag i samspel med andre, og korleis vi arbeidar for at vår verksemd i minst mogeleg grad skal ha negativ påverknad på menneske, miljø og samfunn.

Det er utarbeidd ei eiga *Utgreiling om samfunnsansvar i Helse Bergen*, som blir lagt fram for styret i same møte som årsrekneskapen og denne årsmeldinga. Til grunn for denne utgreilinga ligg eit felles nasjonalt rammeverk for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta. Rammeverket klargjer kva rammar/føringar som gjeld for dei ulike områda og korleis spesialisthelsetenesta skal arbeide med å sikre etterleving.

Utgreilinga blir lagt tilgjengeleg på sjukehuset si nettside når den er godkjent av styret.

## **Eksterne systemtilsyn i 2023**

Gjennomføringa av eksterne tilsyn blir etter fast rutine rapportert til styret i Helse Bergen. Det blir rapportert på alle såkalla systemtilsyn, der tilsynsorganet sjølv vel og utarbeider tema for tilsynet. Når det er tenleg, blir tilsynssaker som spring ut av enkelthendingar og bekymringsmeldingar tatt med i rapporten.

Det har vore gjennomført 15 systemtilsyn i 2023 av 10 ulike tilsynsorgan. Heile 10 av klinikkane i Helse Bergen har vore omfatta av tilsyna.

## **Brukarmedverknad**

Våren 2023 vart prosjektet Betre Brukarmedverknad ferdigstilt. Tiltaka i prosjektet har vore både på system-, teneste og individnivå. Ei verktøykasse for brukarmedverknad ligg no tilgjengeleg på intern nettside.

Det er etablert eit nettverk for brukarmedverkar-kontaktar i føretaket. Føretaksleiinga har oppmoda om at alle nivå 2-einingar skal utnemne ein brukarmedverkar-kontakt. Per no er det 14 kontaktar frå ulike nivå 2-einingar. Brukarmedverkar-kontakten skal bidra til å sikre systematisk og målretta arbeid med brukarmedverknad i Helse Bergen, og ha eit overordna ansvar for å legge til rette for brukarmedverknad i eigen eining.

Det er i 2023 oppretta brukarpanel på tenestenivå i ReHabiliteringsklinikken.

I 2023 er det oppnemt nytt Brukarutval i Helse Bergen, og av dei 11 representantane er fem nye. Også Ungdomsrådet har fått fem nye medlemmar i 2023. Brukarutvalet og Ungdomsrådet har samarbeida om markering av «Kva er viktig for deg?»-dagen i juni 2023, samt laga ein film om pårøranderolla i anledning Pårørandedagen i september.

Brukarmedverkerar frå Brukarutvalet og Ungdomsrådet er oppnemnde til utval i styringslina i helsefellesskapet. Brukarutvalet er representert i områdeutvala i tre av fire regionar, medan Ungdomsrådet representerer Helse Bergen i Strategisk samarbeidsutval. Begge råd/utval er representerte i det årlege Partnarskapsmøtet. I pågåande arbeid med etablering av faglege samarbeidsutval (FSU) er og brukarmedverkerar frå Brukarutval og Ungdomsrådet representerte.

Samarbeidssekretariatet i helsefellesskapet bidreg med legge til rette for betre brukarmedverknad i samhandlingsstrukturen ved å fasilitere eigne formøter for brukarmedverkerane på tvers av kommunar og spesialisthelseteneste.


I 2022/23 var det internrevisjon om brukarmedverknad på systemnivå i Helse Vest. Helse Bergen kom godt ut av revisjonen og det blir vist til fleire gode tiltak som er gjennomført i vårt sjukehus. Mellom anna blir det trekt fram at Helse Bergen er det einaste sjukehuset i revisjonsutvalet som har eit formelt system for innmelding av sakar om brukarmedverknad. Det er utarbeidd ein handlingsplan knytt til forbettingsområda frå internrevisjonen.

## Samhandling med kommunane

Helsefellesskapet i Bergensområdet skal i tråd med nasjonale føringer ha særleg merksemd på å utvikle gode tenester for barn og unge, personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar.

I helsefellesskapet har det vært arbeidet med å etablere faglege samarbeidsutval knytt til dei fire prioriterte målgruppene. Samansetting i dei faglege samarbeidsutvala følger same prinsipp for representasjon som i styringslina i helsefellesskapet. Det betyr at representantar både frå Helse Bergen og brukarorgana våre sit i arbeidsgruppene som skal etablere dei faglege samarbeidsutvala.

Sjå figur 18 om Helsefellesskapet i Bergensområdet. Den viser posisjonen dei faglege samarbeidsutvala er tiltenkt, og korleis dei er knytt saman med den tidlegare presenterte strukturen for styring og strategi.



Figur 13 . Helsefellesskapet i Bergensområdet

Helsefellesskapet har i 2023 utarbeidd et utkast til felles overordna strategi for perioden 2024-2027. Strategien har følgande prioriterte innsatsområde:

- Sterkare samhandling – ein felles kultur
- Prioriteringar – kloke val saman
- Rekruttering og bemanning – smart bruk av kompetansen vår
- Økonomi – tiltak som gagnar samfunnet
- Teknologi og digitalisering – løysningar som samsnakkar og avlastar

Helsefellesskapet vil med bakgrunn i eksisterande avtaleverk og strategiarbeidet vidareutvikle ein felles handlingsplan for helsefellesskapet sitt vidare arbeid.

På tampen av 2023 vedtok Strategisk samarbeidsutval (SSU) at følgande tenesteavtaler skal reviderast i 2024. Tenesteavtale 3 og 5, somatikk, Tenesteavtale 3 og 5, psykisk helsevern og rus. Særvtale til tenesteavtale 2, behov for fylgje. I tillegg skal det starte eit arbeid rundt avtaleprosessar knytt til dei nye lovkrava (punkt 12 og 13 i rettleiaren til Samarbeidsavtaler mellom kommuner og helseforetak).

Samhandling er viktig for føretaket. Både intern samhandling mellom einingar i sjukehuset, og mellom sjukehus og kommunar. Det blir arbeidd med samhandling med kommunane på alle nivå.

## Beredskap

Helse Bergen er ein av dei største beredskapsaktørane på Vestlandet. Føretaket har beredskapsplanar som omfattar system for å førebyggje, oppdage og varsle hendingar.

Det har vore jobba mykje med beredskap og beredskapsplanar lokalt og regionalt i 2023. Helse Bergen har vore delaktig i å utarbeide ny regional helseberedskapsplan for Helse Vest, i tillegg til regional delplan for CBRNE-beredskap. Helse Bergen leiar også eit regionalt fagnettverk innan CBRNE, og det er etablert eit lokalt fagnettverk for det same.

Det har i 2023 vore gjennomført ein rekke øvingar innafor beredskap, spesielt innan masseskade. Samen med samvirkepartar som Statsforvaltar, Bergen kommune, Avinor, Politiet med fleire er det planlagt og øvd på scenario det det kan komme mange skadde pasientar samtidig til Bergen lufthamn. Helse Bergen deltok også på ei fullskala katastrofeøving på Bergen lufthamn.

Helse Bergen var tidleg ute og fekk etablert Nasjonalt Begrensa Nett (NBN) før sommaren 2023. Her har vi moglegheit for å sende og motta informasjon på gradert nivå. Vi har også moglegheit til videomøter på same gradering. Helse Bergen har fått sikkerheitsklarert eit tal nøkkelpersonell.

IKT-tryggleik har vore et viktig tema i Helse Bergen, og informasjon er gitt til alle medarbeidarar om behov for auka merksemd på risiko for dataangrep, mellom anna oppmodar vi alle tilsette til å gjennomføre kurs i informasjonstryggleik. Det har og vært fokus på planer for bortfall av IKT. Også innan IKT-sikkerheit har det vært gjennomført eit tal øvingar.

Spesialisthelsetenesta utgjer ein del av totalforsvaret sine samla ressursar, og er gjensidig avhengig av godt samvirke med Forsvaret i aktuelle hendingar. Det vart nedsett ein arbeidsgruppe som skal utarbeide ein regional plan for sivil-militær samarbeid. Basert på den sikkerheitspolitiske situasjonen ein er i no, med krig i Europa, er dette ein plan som har høg prioritet. Dette planarbeidet starte opp i slutten av 2023, og Helse Bergen godt er godt representert.

## Internasjonalt arbeid

Det vart i 2023 tildelt 7,5 millionar kroner frå Helse Bergen til det internasjonale arbeidet. Meir enn 30 einingar ved sjukehuset fekk tildelt pengar frå desse midlane til samarbeid med våre partnarsjukhus i sør:

- Kamuzu Central Hospital (KCH)/Lilongwe Institute of Orthopaedic & Neurosurgery (LION), Lilongwe, Malawi
- Mnazi Mmoja Hospital (MMH)/ Kidongo Chekundu Mental Hospital (KCH), Zanzibar,
- Dr. George Mukhari Academic Hospital, DGMAH, Pretoria, Sør Afrika
- Christian Medical College (CMC), Vellore, India
- Black Lion Hospital (BLH), Addis Abeba, Etiopia

Midlane frå Helse Bergen for 2023 vart brukt til top-up av lønn for utstasjonerte Norec deltakarar, til leige og vedlikehald av bustadar for våre utstasjonerte, og delvis til drifta av AIS. Fleire avdelingar hatt personell ute på kortare og lengre opphold for volumtrening, kompetansebygging og prosjektoppfølging.

AIS hadde eit budsjett med eksterne prosjektmidlar i 2023 på kr. 71,4 millionar kroner, og hadde per desember 2023 eit forbruk av eksterne prosjektmidlar på kr. 68 millionar kroner. Avdelingane og AIS har i tillegg til den fysisk utvekslinga av personale fortsett med det digitale samarbeidet mot institusjonane ute.

Det internasjonale arbeidet har fleire dimensjonar. Vi har utvikla samarbeid til nytte for institusjonane i sør og til utvikling av våre tenester og eigne tilsette. Vi har særskilt gode samarbeidspartnarar i Trond Mohn med familie. Vi erfarer at fleire av våre tilsette legg vekt på at Helse Bergen er ein meir attraktiv arbeidsplass med denne satsinga som ein integrert del.

Det er ikkje rapportert om nokon form for alvorlege skadar på Helse Bergen sitt personale eller pasientar på sjukehusa ute i 2023.

## Utvikling av infrastruktur

Glasblokkene trinn 2, som er det største byggeprosjektet Helse Bergen har gjennomført sidan Sentralblokka, var teken i bruk i hausten 2023. Overføringa av verksemda frå Kvinneklinikken og Marie Joys hus gjekk utan problem.

I tillegg til byggeprosjektet og flytteprosjektet har det vore eit omfattande arbeid knytt til organisasjonsutvikling, teknologi og kommunikasjon i regi av programmet.

Protoncenteret er under realisering og første pasient blir tatt imot våren 2025. I februar 2024 vart syklotronen, på 70 tonn heis inn i bygget, ein omfattande og krevjande prosess. Det er bygd ein tunell som koplar byggetomta i Haukelandsbakken mot Sentralblokka. Dette legg til rette for ein god transportveg for pasientar og tilsette mellom desse to områda. Arbeidet med Årstadhuset er no i forprosjektfasen, det blir lagt fram ein sak til endelig handsaming i styret i Helse Bergen hausen 2024.

Det er vedteke at det skal utarbeidast ein samle konseptutgreiing for Sentralblokka. Denne skal brukast som grunnlag for ein søknad om midlar for vidareutvikling av Sentralblokka. Sentralblokka som, ved opning i 1983 var Norges største bygg, er Helse Bergen sitt hovudbygg for dei «tunge» medisinske funksjonane som operasjon, radiologi, intensiv-, intervensjon- og akuttmedisin. Byggeaktivitet i Sentralblokka vil prege Helse Bergen dei neste 10 åra.

Andre aktuelle byggjeprosjekt:

- Arbeidet med ny sentralisert vaske- og sterilhall er godt i gang. Prosjektet blir ferdig årsskiftet 2024/25.
- Ombygging av Håkonsgaten blir ferdig hausten i 2024. Bygget vil huse døgnplassar og poliklinikk for ruspasientar. Bygget vil bidra til at to eksterne leigekontraktar på areal blir avslutta.
- Forprosjektrapporten om utbygginga av Rehabiliteringsklinikken Nordås blir lagt fram mars 2024.

Arbeidet med å revidere arealutviklingsplanen for Helse Bergen er starta og vil bli lagt fram for styret hausten 2024.

## Selskap Helse Bergen har eigardelar i

Ved utgangen av 2023 har Helse Bergen eigardelar i følgjande selskap:

- **VIS AS – Helse Bergen eig 33,43 %**

Selskapet si verksemد er mellom anna å ha hand om forvaltning og kommersialisering av immaterielle rettar og idear knytt til forskingsresultat og forskingsprosessar.

- **Innovest AS – Helse Bergen eig 50 %**

Innovest AS gjekk gjennom omstilling og nedskalering i perioden 2014-2017. Resterande aktivitetar vil bli slutført og avvikla dei nærmaste åra.

- **Kommunal Landspensjonskasse KLP – Helse Bergen eig 3,4 %**

KLP er Noregs største pensjonsselskap og forvaltar pensjonsmidlane til tilsette i kommunar, fylkeskommunar, bedrifter og helseføretak. Forvaltningskapitalen er 1017 milliardar kroner og selskapet har rundt 1 150 tilsette. Helse Bergen er største eigar.

- **Helse Bergen Eiendom AS – Helse Bergen eig 100 %**

Selskapet vart overteke som del av Bergensklinikkane og endra namn til Helse Bergen Eiendom AS. Selskapet eig eidegom på Sotra som Helse Bergen leiger.

- **Idrettsklynge Vest AS - Helse Bergen eig 25 %**

Selskapet styrkar samhandling kring idrett, fysisk aktivitet og folkehelse i Vestland.

## Rekneskapen

### Resultatutvikling (tala i parentes er for 2022)

Rekneskapsåret 2023 er det 22. driftsåret til Helse Bergen. Føretaket får midlar frå staten, dels som faste tilskot til drift, beredskap og infrastruktur, og dels som innsatsstyrт finansiering (ISF) basert på prising av utførte tenester. Totale inntekter i 2023 var 15,603 milliardar kroner (14,840 milliardar kroner), av dette var 4,640 milliardar kroner aktivitetsbasert (ISF med vidare), 9,535 milliardar kroner var rammefinansiering og dei resterande 1,426 milliardar kronene var andre inntekter.

Helse Bergen fekk eit årsresultat i 2023 på minus 199,5 millionar kroner. Selskapet budsjetterte med eit årsresultat på kr 0. Dette gir eit negativt avvik samanlikna med budsjett på 199,5 millionar kroner. Føretaket har som oppgåve å yte helsetenester innanfor ramma av tildelte ressursar (budsjett).

At rekneskapen i 2023 vart därlegare enn budsjettet er knytt til løns- og prisvekst høgare enn budsjettføresetnaden og kompensasjon, lågare aktivitetsavhengig inntekt enn budsjettet i tillegg til særleg høge kostnadar på nokre område.

Innan somatikk er aktiviteten lågare enn plan for døgn- og dagbehandling medan det er høgare for poliklinisk aktivitet. Det har i 2023 vore om lag 6.000 fleire polikliniske konsultasjoner enn budsjettet, noko som har gitt høgare inntekt knytt til eigenandelar. Det er også positivt budsjettavvik på laboratorieinntekter, noko som skuldast høg analyseaktivitet.

Varekostnad og helsetenester syner ein kostnad vesentleg høgare enn budsjettet. Delar av avviket er knytt til Fritt behandlingsval (FBV) som gradvis skulle avviklast gjennom 2023. Kostnad knytt til gjestepasientar særleg innan rus og psykisk helsevern er også høgare enn budsjettet.

Løn- og personalkostnadar er også høgare enn budsjettet i 2023. Det har vore høgt sjukefråvere, som har ført til høg kostnad til vikarar, meirarbeid og overtid. Ein del av avviket er knytt til forsking og eksternt finansierte tiltak, som har ei tilsvarende inntektsside. Det er sett i verk tiltak for å styre personalkostnaden betre, og budsjettavviket på dette området er redusert gjennom hausten.

Pasienttransport viser eit negativt budsjettavvik i 2023. Det meste av avviket er knytt til kommunale og interkommunale reiser med rekvisisjon. Det blir arbeidd med å auke bruken av digitale konsultasjonar og tilhøyrande redusert transportaktivitet.

Rekneskapen syner også høgare energikostnad enn budsjettet. Budsjettet er styrka dei siste åra, men likevel er kostnaden høgare. Det blir arbeidd med energisparande tiltak.

## Balanse

Netto likviditetsbehaldning per 31.12.2023 var 363 millionar kroner (341 millionar kroner), av dette bundne skattemiddel på 356 millionar kroner. Innvilga kreditramme er 31.12.23 på 2,1 milliardar kroner. Totalkapitalen i føretaket utgjorde 17,7 milliardar kroner per 31.12.2023 (15,8 milliardar kroner). Balanseført eigenkapital per 31.12.2023 var 7,6 milliardar kroner, eller 43,0 % av totalkapitalen (6,9 milliardar kroner og 43,7 %). I 2023 ble 900 millionar av langsiktig gjeld konvertert til annan innskoten eigenkapital.

Føretaket har lån frå Helse Vest RHF på totalt 6,2 milliardar kroner ved utgangen av 2023. Dette er delvis finansiering av investeringar.

## Anleggsmiddel

Protonanlegget har ei kostnadsramme på 1,4 milliardar kroner. Bygget vil stå ferdig til innflytting i november 2024. Installasjonen av stråleutstyret vil være ferdig ei stund ut i 2025. Ombygging av Sentralblokka har ei kostnadsramme på 500 millionar kroner.

## Finansiell stilling

Føretaket overtok 1.1.2002 driftsrelaterte aktiva og passiva som Hordaland fylkeskommune eigde tidlegare. Eigenkapitaldelen 31.12.2023 er 43 %. Føretaket har i langtidsbudsjettet lagt til grunn overskot på drift for å sikre handtering av dei investeringane som er sette i gang og dei som er planlagde. Tilfredsstillande handtering av den finansielle risikoen er lagt til grunn i langtidsbudsjettet.

## Kontantstraum

Samla kontantstraum frå drifta i verksemda var på minus 223 millionar kroner, medan driftsresultatet for Helse Bergen utgjorde minus 199,5 millionar kroner. Den samla kontantstraumen til investeringar i Helse Bergen i 2023, var 1,618 milliardar kroner.

## Utsiktene til føretaket

Ettersurnad etter helsetenester aukar, både som resultat av demografiske forhold og nye behandlingstilbod. Verksemda har slik eit godt fundament for framtidig aktivitet, også sett i lys av at gjeldande pasientlovgiving gir pasientane rett til helsehjelp innan gitte fristar. Med bakgrunn i høg løns- og prisvekst dei siste åra, har det vore særleg vanskeleg å halde drifta

innanfor tildelt budsjetttramme i 2023. Frå hausten 2023 er det sett i verk tiltak for å tilpasse drifta til dei økonomiske rammene. Tiltaka ser ut til å ha god effekt. Den økonomiske stillinga til føretaket saman med gode utsikter for aktiviteten, gjer at styret kan stadfeste at føresetnaden for framtidig drift er til stades.

## Framleis drift

I tråd med rekneskapslova § 3-3 blir det stadfesta at føresetnaden for framleis drift er lagt til grunn når årsrekneskapen vart avslutta. Til grunn for dette ligg at Staten har gitt 100 % driftsgaranti for helseføretaka og at føretaket derfor ikkje kan gå konkurs.

Styret si oppfatning er at det ikkje er forhold som ikkje tilseier framleis drift.

## Disponering av årsresultatet

Årsresultatet gav eit underskot på kroner 199.548.288 kroner og styret foreslår for føretaksmøtet at dette blir ført med kroner 199.548.288 mot annan eigenkapital.

**Bergen 21.03.2024**

---

Terje Breivik  
*styreleiar*

---

Per Morten Sandset  
*nestleiar*

---

Rolf Martin Tande

---

Ivar Eriksen

---

Marit Bakke

---

Ishita Barua

---

Trude Husevåg

---

Karen-Anne Stordalen

---

Tone Wikene Nystad

---

Marianne Sæhle

---

Inge Stenestø Skogheim

---

Eivind Hansen  
*administrerande direktør*

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Karen-Anne Stordalen

Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5997-4-372430

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-26 10:41:20 UTC

 bankID



## Inge Stenestø Skogheim

Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5993-4-1551503

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-26 11:44:42 UTC

 bankID



## Marianne Sæhle

Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: UN:NO-9578-5998-4-1130329

IP: 77.18.xxx.xxx

2024-03-28 10:49:16 UTC

 bankID



## Ishita Barua

Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-839412

IP: 46.15.xxx.xxx

2024-03-28 11:31:13 UTC

 bankID



## TRUDE HUSEVÅG

Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-923949

IP: 51.174.xxx.xxx

2024-03-28 13:54:31 UTC

 bankID



## Eivind Hansen

Administrerande direktør

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1262874

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-03-28 15:55:56 UTC

 bankID



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Marit Bakke

Styremedlem

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-4044528

IP: 178.164.xxx.xxx

2024-03-31 08:03:07 UTC

 bankID ✓

## Per Morten Sandset

Nestleiar

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: UN:NO-9578-5999-4-1324657

IP: 79.160.xxx.xxx

2024-03-31 15:25:16 UTC

 bankID ✓

## Ivar Eriksen

Styremedlem

Serienummer: UN:NO-9578-5999-4-1922603

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-31 17:07:47 UTC

 bankID ✓

## Rolf Martin Tande

Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1206733

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-03-31 19:34:25 UTC

 bankID ✓

## Tone Wikene Nystad

Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1165898

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-04-02 08:07:38 UTC

 bankID ✓

## Terje Breivik

Styreliar

Serienummer: UN:NO-9578-5995-4-362267

IP: 82.134.xxx.xxx

2024-04-02 10:21:18 UTC

 bankID ✓

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>